

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 25.04.2008
Frå: **Administrerende direktør Herlof Nilssen**
Sakshandsamar: **Björg Sandal**
Saka gjeld: **Dialog med fylkeskommunane**

Styresak 0366/08 O

Styremøte 07.05. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 6

I styringsdokumentet for 2002 slo Helse- og omsorgsdepartementet fast målgruppene til det regionale føretaket. Allereie det første året la Helse Vest opp eit system der det har vore jamlege dialogmøte med representantar for målgruppene. Fylkeskommunane er ei av dei definerte målgruppene.

Heilt sidan starten har vi praktisert ei arbeidsdeling mellom helseføretaka og det regionale føretaket slik at helseføretaka står for dialogen med kommunane i sitt opptaksområde medan det regionale føretaket held dialogen med dei tre fylkeskommunane, fylkeslegane og Stortingsbenkane. Helse Vest ønskjer å bli inviterte med på møta som helseføretaka held med kommunane, samstundes som Helse Vest oftast har hatt med representantar frå det aktuelle helseføretaket i møta med fylkeskommunane.

I vedtektene for Helse Vest (§18) ber no departementet Helse Vest om å gjennomføre dialogmøte minst to gonger årleg med fylkeskommunane. I dette notatet skisserer vi korleis denne kontakten kan organiserast.

Nytt tiltak: Årleg konferanse

Med utgangspunkt i dei nye vedtektene ønskjer Helse Vest å opprette ein ny, årleg arena for regional dialog. I løpet av første kvartal kvart år ønskjer vi å arrangere Vestlandskonferansen, der vi inviterer politisk og administrativ leiing i dei tre fylkeskommunane, dei tre fylkeslegane, fylkesmennene, pasientomboda, brukarutvala, styreleiarane i alle HF samt styret og leiinga i Helse Vest. Ved å invitere til ein slik konferanse tidleg på året, vil dette vere ein nyttig arena der ein kan gi oppdatert informasjon om oppgåver ein står framfor samt gi ei oppsummering av resultatane frå året før. Tema for konferansen må veljast på ein slik måte at ein også ivaretek behova til fylkeskommunane og dei andre deltakarane. Gjennom eit slikt tovegs tiltak kan vi byggje bru mellom alle aktørane og bidra til at innsikten og dialogen aukar.

Det er sjølvsagt mange andre grupper som kan inviterast til ein slik konferanse. Kommunane kan vere ein aktør; alternativt kan ein invitere vertskommunane der vi har spesialisthelseteneste. For å avgrense omfanget av konferansen er ein variant å invitere leiarane for KS og likeeins NHO. Vi må likevel vere merksame på at det er helseføretaka som er gitt oppgåva med å føre dialogen med kommunane.

Innhaldet i ein slik konferanse vil sjølvsagt vere ulik frå år til år, men det er openbart at styringsdokument og oppgåvetildeling vil vere døme på sentrale tema. Gode eksempel kan også vere den regionale strategiplanen, lokalsjukehusstrategi og økonomi- og oppgåvedeling mellom helseføretaka.

Årleg møte med fylkeskommunane

I tillegg til konferansen er det ønskeleg å arrangere separate årlege møte med kvar fylkeskommune, om lag etter same mønster som tidlegare. Malen bør vere at fylkeskommunane blir inviterte med politisk og administrativ leiing og at styret og administrasjonen i Helse Vest deltek på møta.

Desse møta bør leggjast til hausten.